

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Sigurd Aukland
Arkivsaksnr.: 12/2461 - 7

Arkiv: 035 A

Planlagt behandling:

Hovudutval for skule og barnehage

SAMARBEID HEIM - SKULE I KLEPPESKULEN - VIDARE UTVIKLING

Bakgrunn for saka

1. Då hovudutvalet drøfta tilstandsrapporten for Jærskulen (sak 5/15), gjorde det slikt vedtak i punkt 2: "Hovudutvalet ber kommunalsjefen koma tilbake med ei sak om utvikling av FAU - samarbeid skule - foreldre". Kommunalsjefen oppfatta at hovudutvalet ønska innspel om korleis foreldresamarbeidet kring Kleppskulen kan styrkast og vidareutviklast.
2. Det kommunale foreldreutvalet (KFU) har ved fleire høve drøfta tiltak som kan forbetra og utvikla samarbeidet skule - heim og heim - skule. På KFU - møtet 30.04. deltok også leiar i hovudutvalet. Etatsleiinga blei oppmoda til å leggja fram ei sak for hovudutvalet med sikte på å styrka foreldresamarbeidet generelt og å utvikla styringsorgana SU og driftsstyre spesielt.

Kvifor samarbeid mellom foreldre og skule?

Det er foreldra som har hovudansvaret både for oppsedinga og opplæringa av barnet deira. I føremålet for grunnskulen (§1.1.) heiter det at opplæringa skal skje i "samarbeid og forståing med heimen".

I § 20 i forskrifta til opplæringslova, om føremålet med foreldresamarbeidet, heiter det: *Skolen skal sørge for samarbeid med heimen, jf. opplæringslova § 1-1 og § 13-3d. Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skolen for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat som mellom anna fører til at fleire fullfører vidaregåande opplæring.*

Foreldresamarbeid har dermed både ein individuell del og ein kollektiv del. Den individuelle delen omfattar foreldra sitt bidrag for å styrka sitt barn si sosiale og faglege utvikling. Foreldresamtalane er her eit sentralt verktøy. Den kollektive delen omfattar dei felles foreldremøta og møta i FAU, SU/driftsstyre og KFU (kommunalt foreldreutval),.

Også lokalsamfunnet si støtte til skulen påverkar læringsmiljø og læringsinnhald. Det same gjer skulen si grad av openheit mot lokalsamfunnet. "Det trengs ein landsby for å oppdra eit barn", heiter det. Samhandlinga med ulike foreningar og lag, som også blir drivne av foreldra, betyr også mykje for korleis skulekvardagen blir opplevd av barna.

Situasjonen og utfordringar på ulike nivå

Heim - skule - samarbeidet i Klepp varierer både i intensitet, kvalitet, fokus og omfang. Det er variasjonar mellom klassar/grupper og internt mellom skulane. Det er og variasjonar mellom korleis FAU' a, samarbeidsutvala og driftsstyra fungerer. Det er derfor vanskeleg å framstill

eit heilskapleg bilete. Uansett må det likevel vera eit mål å forbetra samspelet for elevane sitt beste.

Eit døme på ulikskap i engasjementet er dette: FAU´a blei i vinter/vår bedne av KFU/etatsleiing om å gje tilbakemelding på korleis foreldre og foreldrerådsorgana kunne bidra til å redusera fråfallet i vidaregåande opplæring. Tilbakemeldingane varierte. Medan nokre FAU verkeleg tok eit tak, var det andre som ikkje gjorde noko.

Det er likevel ikkje vanskeleg å finna døme på foreldre som verkeleg involverer seg og tar ansvar når elevmiljøet ikkje er godt. I staden for å skyva ansvar på lærar og skule, set dei i verk aktive, kollektive, konstruktive og atferdsretta miljøtiltak til beste for elevane og klassen, t.d. innan anti - mobbearbeid.


Foreldreundersøkinga viser ein del av stoda kring samarbeidet heim - skule i kommunen. I Klepp er det bestemt at foreldreundersøkinga skal gjennomførast for alle foreldre på 5.- 10.trinn.

- Svarprosent for Klepp hausten 2014 var på 46% - med ein variasjon på skulenivå frå 20% til 71,4%. Svarprosenten ved nokre av skulane er altså for dårleg. Skulane meiner foreldra ikkje svarer, medan foreldre meiner skulen bør leggja betre til rette for undersøkinga.
- Det er gode resultat for skulane i Klepp på områda trivsel, motivasjon, heim - skule samarbeid (foreldra si støtte, hjelp og oppfølging av eigne barn), støtte frå lærar, dialog og medverknad.
- Foreldra etterlyser betre rettleiing frå skulen om korleis dei kan hjelpa barnet sitt med leksene. Handtering av mobbing og skulehelsetenesta er også område foreldra ikkje er heilt nøgde med.

Ulike foreldreroller i samarbeidet

Foreldra si rolle i skulesamarbeidet har endra seg. Forventningane om å bidra til støtte for sin eigen elev har nok alltid vore der, men både foreldre og skule har i varierende grad teke inn over seg at foreldra trengs i arbeid med læringsinnhaldet og læringsmiljø, inklusive arbeidet mot mobbing. Denne rolla som ansvarleg, involverande, støttande og engasjert bidragsytar og som "borgar", trengs å betrast i Kleppskulen. Då blir kakebakinga langt mindre viktig enn støtte til læring.

Kommunalsjefen merkar seg også at foreldre stiller aukande forventningar og krav til skulen. Det er godt. Rolla som "brukar" trengs også å vidareutviklast. Samstundes merkar kommunalsjefen ein tendens til å stilla urealistiske krav, krav som fritar sin eigen elev for innsats og atferd og krav som går på bekostning av fellesskapet sine interesser. Slike saker kan vera både konfliktfylte og krevjande. Ikkje alle foreldre i Klepp opptre autoritativt i forhold til sitt barn eller sin ungdom. Både lærarar og skuleleiarar har dei siste åra merka endringar i foreldregruppa når det gjeld individualisme og særkrav for sin elev.



Samstundes har Kleppskulen også opplevd sterke foreldreengasjement i saker kor foreldre ikkje blir høyrde eller tekne på alvor. Sist vinter var det ein nødvendig og fruktbar debatt nettopp ut frå slike opplevingar. Når foreldre opplever maktesløyse er det sjølvsagt ille. Maktesløysa kan gjelda både manglande tiltak for sin eigen elev og/eller at styringsorgana eller leiinga ved skulen ikkje følgjer opp godt nok.

Foreldra påverkar skuleprestasjonane

Foreldre si støtte er nødvendig for å skapa motivasjon, gode læringsmiljø, betre læringsresultat og hindra fråfall.

"Meir læring for alle" er visjonen for etaten. Visjonen føreset tett samspel og involvering mellom alle aktørane i skulen. Foreldre både kan og bør og må engasjera seg i det skulefaglege arbeidet. Mor og far må følgja opp barnet/ungdommen si læring. Foreldrekontaktar må kjenna til og bidra for å betra læringsmiljø og driva anti - mobbearbeid. Og driftstyret/samarbeidsutvalet må drøfta kvalitetsforbetringar for skulen samla.

Omfattande forskning i inn- og utland dokumenterer at foreldra sitt engasjement og innsats har stor tyding for elevane sine skulefaglege prestasjonar. Foreldre sin sosio - økonomiske bakgrunn og utdanningsnivå er dei to enkeltfaktorane som har størst tyding for elevane sin skulegang.

Den norske skuleforskaren Thomas Nordahl har peika på utfordringane både foreldre og skule møter i samarbeidet. Han peikar m.a. på at ikkje alle foreldre kjenner seg igjen i skulen sitt språk og skulen sin kultur, og han viser til at informasjon ikkje er nok. Samarbeid krev involvering og respekt frå begge sider. (Interesserte kan lesa ein god fagartikkel av Nordahl her: www.udir.no/Laringsmiljo/Bedre-laringsmiljo/Hjem-skole-samarbeid)

Skuleforskaren Hattie (2009) peikar på at det er foreldra sine forventningar til skuleprestasjonar som har sterkast innverknad på elevane sin motivasjon og innsats. Etterpå følgjer foreldra si interesse for skulearbeid heime og på skulen, leksehjelp og dialog om skuleframgang.

Michael Fullan og Andy Hargreaves, som Jærskulen baserer mykje av sin filosofi på, bruker omgrepa "school commitment" (skoleengasjement) og "school engagement" (skoleforplikting) når dei peikar på korleis foreldra si støtte til skulen kan betra både læringsmiljø og

læringsutbytte. Begge desse teoretikarane gjev viktige innspel til vidare utvikling både av foreldra si rolle og sine bidrag, men også til korleis skulen kan møte foreldra på ein annan måte enn før.

Ein av fleire konsekvensar av dette er å skapa dialog og samarbeid med foreldregrupper som

- sjølv ikkje hadde gode erfaringar med skulen som elev
- "aldri gidd å møte på foreldremøte"
- som ikkje meistarar norsk godt nok og/eller kjem frå land med andre forventningar til skuledeltaking

Kommunalsjefen vil ta initiativ, saman med nokre skular, for å utvikla og prøva ut både rettleiing i heimen og meir skreddarsydde foreldretreff for foreldre som ikkje meistarar norsk så godt at dei ser noko gevinst av å stilla på ordinære foreldremøte.

Kommunalsjefen vil vidare ta initiativ til to tiltak retta mot alle foreldre i Klepp.

1. Mykje av dialogen mellom elev og lærar, som innleveringar, tilbakemeldingar og rettleiing føregår no via it`s learning. For foreldre er det derfor avgjerande at dei kjenner til it`s learning og har brukarnamn og passord. Utan dette er det uråd å følgja med og støtta og ha forventningar til eleven si læring. Rektorane vil setja i verk tiltak for at foreldra kjenner til denne "kommunikasjonsplattformen" og kan bruka han.
2. Innhaldet og arbeidsmåtane i skulen er i endring. Foreldre i Klepp har signalisert behov for kurs særleg innan lekser og læringsstøtte, og også om korleis dei kan støtta særleg i matematikk. Foreldra treng ikkje moralisme, men praktisk og støttande kursing i form av modellering.

Samarbeidsutval eller driftstyre?

For å skapa medverknad og sikra involvering trengst det engasjement, kompetanse og kontinuitet i foreldregruppa. Og skulen må vera villig til å gje reell medverknad. Kommunalsjefen ønskjer å endra rammene for kva samarbeidet skal vera og kva det skal omfatta. Samstundes set lov- og regelverk grenser når det gjeld arbeids- og lønsforhold og saker knytta til einskildpersonar.

Hovudutvalet drøfta sak om driftsstyre første gong i 2007 og reglement for driftsstyre blei godkjend i 2009. Både hovudutvalet og kommunalsjefen har støtta initiativ til å endra samarbeidsutvala til driftsstyre. Føresetnaden har vore at initiativet må koma frå skulen sjølve.

Det kommunale foreldrerådet har drøfta saka ved fleire høve. Meiningane har vore delte. Engasjement, kompetanse og kontinuitet krevst for at både eit samarbeidsutval og eit driftsstyre skal fungera godt.

Det har vore forska svært lite på om samarbeidsutval og driftsstyre gir ulike effektar. Det kan synest som om vala av det eine eller det andre mest har vore politisk motivert. Det ligg likevel føre eit masterstudie (Hoel Glestad) ved Høgskolen i Oslo og Akershus. Studien omfattar kva som gjer mest brukarmedverknad ved to grunnskular i to kommunar som praktiserer kvar si form for styre/utval; samarbeidsutval og driftsstyre. Studien viser:

1. Forskjellar når det gjeld makt, myndigheit, møtehyppigheit og møtehonorar.
2. Driftsstyret og samarbeidsutvalet har felles utfordringar når det gjelder nærleik og relasjon til skulen.
3. Det er ulik grad av informasjon om skulen hos representantane både i driftsstyret og i samarbeidsutvalet. Dette igjen kan føra til ulik grad av engasjement i driftsstyret og samarbeidsutvalet.
4. Det er lite eller ingen innføring/opplæring når ein som ny tar på seg verv i eit driftsstyre eller samarbeidsutval og derfor liten fokus på rolleavklaring for representantane. Dette gjev m.a. usikkerheit.
5. Det er liten bevisstheit knytta til omgrepet «brukarmedverknad» både i samarbeidsutvalsmodellen og i driftsstyremodellen.
6. Ei av hypotesane var at driftsstyret sine representantar opplevde større grad av brukarmedverknad enn representantane i samarbeidsutvalet. Med ein forskjell i retningslinene, som møtehyppigheit, makt og myndigheit, kan driftsstyret ha eit betre utgangspunkt for å skapa gode diskusjonar og arenaer for informasjonsutveksling enn det samarbeidsutvalet har, noko som igjen kan føra til større grad av opplevd brukarmedverknad.

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) gir inga tilråding, men peiker på at "et driftsstyre er et styre for den enkelte skole og kan sammenlignes med et styre for en bedrift. Målet med driftsstyret er at alle partene i skolen skal være representerte i et beslutende organ. Driftsstyret kan erstatte samarbeidsutvalget. Det er den enkelte kommune som vedtar innføring av driftsstyre ved skolene og som vedtar hvilken myndighet driftsstyrene skal ha."

FUG skriv at eit samarbeidsutval (SU) er "skolens øverste rådgivende organ og her er alle partene i skolen representert: elever, foreldre, undervisningspersonalet, andre tilsatte og to representanter fra kommunen, hvor rektor skal være den ene. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjelder skolen."

FUG meiner at eit driftsstyre kan uttala seg om og vedta:	FUG meiner SU kan uttala seg om og vedta dette:
<ul style="list-style-type: none"> • Framlegg til budsjett • Verksemds- og utviklingsplanar for skulen • Plan for heim - skule - samarbeid • Fagplanar • Skulevurdering 	<ul style="list-style-type: none"> • Framlegg til budsjett • Verksemds- og utviklingsplanar for skulen • Plan for heim - skule - samarbeid • Skulevurdering • Planar for ombygging og vedlikehald av skuleanlegga • Skulen si informasjonsverksemd • Prinsipp for val av bøker til skulebiblioteket • Fritidsaktivitetar • Skuleskyss • Trafikkforholda og korleis skulevegen kan sikrast • Ordensreglementet

Ut frå dette FUG-oppsettet kan det faktisk sjå ut som om eit samarbeidsutval har vidare ansvar og mynde enn eit driftsstyre. Kommunalsjefen stussar på dette og viser til dei kommunalt vedtekne retningslinene for driftsstyre. Dessutan står hovudutval og kommunestyre fritt til både å utvida områda og delegera ytterligare. Dessutan vil kommunalsjefen peika på at grunnlaget for debatten om driftsstyre og/eller samarbeidsutval det siste året, har vore eit reelt og seriøst ønske om å bidra til elevane og skulane sitt beste.

Kommunalsjefen har vore i kontakt med andre kommunar for å henta inn erfaringar. Det er vanskeleg å trekkja andre konklusjonar enn at samarbeidsklima og utbyte/effekt er meir avhengig av kultur og einskildpersonar enn av struktur/form.

Framlegg til prosestetiltak

Målet for vidare satsing på heim -skule - samarbeid må vera å skapa både langsiktige og bærekraftige kulturar og strukturar.

Igjen vil kommunalsjefen peika på at føresetnadene for å få til dette, uansett styringsform, er

- at skulen og rektor er villig og i stand til å involvera foreldre og gje reell medverknad.
- at det finst engasjement, kompetanse og kontinuitet i foreldregruppa.

For å få til dette trengs vidare opplæring av begge partane. Samstundes er det kommunalsjefen si erfaring at det er vanskeleg å få kontinuitet blant foreldra som sit i styringsorgana uansett type. Gode intensjonar frå eldsjeler om å gjera ein forskjell for elevane kan også bli punkterte av at det faktisk tek tid og krev energi å sitja i slike styringsorgan. Når kommunalsjefen likevel ønskjer at fleire av skulane går over til driftsstyre, er det fordi denne styringsforma gjev meir ansvar og rom for meir reell påverknad frå foreldra. Dessutan vil det styrka den demokratiske påverknaden foreldra bør ha på sin lokale skule. Kanskje kan fleire driftsstyre også auka det politiske engasjementet for skule og styrka samhandlinga med lokalpolitikarane?

Terskelen for foreldre til å bidra i samarbeidet må gjerast lågare. Samstundes vil det då følgja ansvar og arbeid med. For å bidra til vidare utvikling av samarbeidet for elevane sitt beste, foreslår kommunalsjefen desse tiltaka:

1. Kvar skule gjennomfører skuleåret 2015/2016 tiltak for å betra skulen sine resultat i foreldreundersøkinga. Rektor sikrar saman med FAU-leiar at både foreldre og tilsette blir involverte.
2. Kvar skule skal tilby foreldrekurs i oppfølging av lekser og læring.
3. Kvar skule skal sikra at alle foreldre får opplæring i bruk av it`s learning.
4. Kommunalsjefen tek initiativ for, saman med flyktningetenesta/språkstasjonen/rettleiar i fleirkulturelt arbeid, å utforma og prøva ut opplegg for foreldresamarbeid med foreldre som ikkje snakkar norsk.
5. Kommunalsjefen tek initiativ slik at minst to skular prøver ut opplegg for heimebasert foreldresamarbeid med grupper som vanlegvis ikkje kjem på foreldremøta.
6. FAU som ber om det, får tilbod om opplæring av foreldrekontaktane.
7. Kwart FAU blir oppmoda til å drøfta korleis ein kan knyta kontakt for å læra av andre FAU, t.d. innan anti - mobbearbeid.

8. Kwart samarbeidsutval/driftstyre gjennomfører hausten 2015 ei eigavurdering av korleis samarbeidet heim - skule fungerer og finn saman fram til område som kan betrast.
9. Kwart samarbeidsutval/driftsstyre gjennomfører vinteren 2015/2016 ei vurdering av mogleg skifte av styringsform.

Skuleforskaren Thomas Nordahl seier det slik: "Når foreldre har en positiv holdning til skolen og snakker med barna om skole og arbeidsinnsats, ser det ut til å ha en positiv sammenheng med elevenes resultater. Foreldre som er opptatt av skole og utdanning har barn som også er opptatt av skole og utdanning".

Innstilling:

Kommunalsjefen sitt forslag til vedtak:

1. Sak om "Samarbeid heim - skule i Kleppskulen - vidare utvikling" blir tatt til orientering.
2. Hovudutvalet ber om tilbakemelding på tiltaka i sak i slutten av 2016.

Rådmannen i Klepp 11.08.2015

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.